

Forfattaromtale

Anne Cecilie Tjersland: f. 1958 i Sandefjord, busett i Sola. Utdanna siv.ing. frå Norges Tekniske Høgskole i 1982. Tjersland arbeidde mange år i oljeindustrien. Tok deretter utdanning innan estetiske fag med eit års studie i maskinstrykk ved Høgskolen i Telemark, og mastergrad i tradisjonskunst ved same høgskule i 2012.

Egil Harald Grude: f. 1944, frå Klepp. Cand. philol. med historie hovudfag frå universitetet i Oslo. Fylkeskultursjef i Rogaland 2001 – 2009. Før dette var han Fylkeskonservator i Rogaland, leiar for Stavanger maritime museum og arkivar. Grude har i ei årrekke vore knytt til historiestudiet ved Universitetet i Stavanger og har publisert fleire artiklar og bøker. Grude har hatt styreverv i organisasjonar regionalt og nasjonalt. Han er medstifter av og har vore styreleiar i Jæren Senioruniversitet. Grude er engasjert i fleire prosjekt, særleg innan maritim og administrativ historie.

Gunnar Nerheim: f.1949, frå Randaberg. Professor ved Universitetet i Stavanger. Han har skrive mest om verfts-historie, oljeindustri og energihistorie, m.a. i Stavanger Energi si historie. Redaktør og medredaktør i fleire historieverk.

Hans Torgny Indrebø: f.1939 i Randaberg, busett på Nærbø. Pensjonert lærar. Har skrive ei rad lokalhistoriske artiklar.

Otto Laurits Fuglestad: f.1939 Hå er dr. philos. og professor emeritus i pedagogikk ved Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger. Han har skrive ei rekkje fagbøker og artiklar om blant anna kommunikasjon i klasseromet, leining i skulen og om kvalitativ forskingsmetode (feltarbeid).

Svein Ivar Langhelle: f. 1948 i Sandnes. Førsteamanuensis i historie, knytt til Universitetet i Stavanger. Busett i Vindafjord. Forskningsarbeida hans omfattar den mentalitetsmessige moderniseringsprosessen i Vest-Norge, religiøs kultur, jordbrukshistorie, egalitet og identitet, samt lokal- og regionhistorie.

Therese Espeland: f. 1982, frå Skjold i Vindafjord. Bachelor i kunst og kulturforvaltning frå UiS, samt konserveringsfag frå UiO. Har vore engasjert i prosjekt ved Jærmuseet sidan 2014, særleg i arbeid med registrering og digitalisering av Figgjo-samlinga.

Ørjan Zazzera Johansen: f. 1974, frå Bryne. Mastergrad i lesevitenskap frå Universitetet i Stavanger 2010, forfatterutdanning frå Skrivekunstakademiet i Hordaland og Litterær gestaltning ved Gøteborgs universitet. Har skrive boka *Blod, svette og tåskudd* om Rosseland Ballklubb og romanen *Vent på meg, Diego*. Formidlar og informasjonsansvarleg ved Garborgsenteret sidan 2011.